

GODT RUSTA FOR FRAMTIDA ÅRSPLAN 2025



○ KVIFOR SKAL EIN VELJA OSS	3	○ LÆRING	18
○ VÅR VISJON	4	○ KALENDER	19
○ FØREMÅL	5	○ VENNSKAP OG FELLESSKAP	20
○ TILSETTE	6	○ EIN INKLUDERANDE BARNEHAGE	21
○ TENESTAR OG KVALITETSPOLITIKK	7	○ MAT I BARNEHAGEN	22
○ REKOMP	8	○ MENGDE, ROM OG FORM	23
○ VURDERINGSOMRÅDET	9	○ KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST	24
○ RUTINAR FOR VURDERING	10	○ ALTERNATIV OG SUPPLERANDE KOMMUNKASJON- ASK	25
○ OVERGANG I BARNEHAGEN	11	○ NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI	26
○ OVERGANG BARNEHAGE / SKULE	12	○ KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE	27
○ BARN SIN MEDVERKNAD	13	○ NÆRMILJØ OG SAMFUNN	28
○ DOKUMENTASJON	14	○ SOMMARBARNEHAGE	29
○ OMSORG	15	○ ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI	30
○ LEIK	16	○ KUNST, KULTUR OG KREATIVITET	31
○ DANNING	17	○ FORUT	32
		○ GODKJENNING ÅRSPLAN	33

KVIFOR SKAL EIN VELJA OSS:

- Me har personale med ulik fagkompetanse som har arbeida i barnehagen i mange år.
- Me har kokk som ikkje er ein del av grunnbemanninga, men kjem utanom både pedagognorm og bemanningsnorm.
- Barnehagen tilbyr tre måltider- frukost, lunsj og frukt til 400 kr. i månaden.
- Barnehagen tilbyr bleieavtale til 70 kr. i månaden.
- Me har eit oppgradert uteområde,- med veksthus, kjøkkenhage, og nye leikeapparat.
- Me har eigen barnehagebil.
- Me har «Barnehagebibliotek» i eit samarbeid med Stord folkebibliotek. Barna kan låne bøker med seg heim.
- Sommarfuglane blir invitert attende til ei gjensynssamling i barnehagen hausten etter skulestart.
- Barnehagen har ingen dugnad, og barnehagen organisera alle arrangement.



Ås barnehage er eigd av Opero Holding. Me held til på Ås, har skogen som ein god nabo og ligg sentralt til Leirvik sentrum. Me er organisert slik at me har seks aldershomogene grupper, og dei yngste held til i 1. etasje der dei har sitt eige område. Me har ei fast ordinær grunnbemanning med pedagogar, fagarbeidarar og pedagogiske medarbeidarar, og me har eigen kokk som kjem utanom den ordinære grunnbemanninga. I periodar har me jobbsøkarar gjennom Opero som kjem i tillegg til dei vaksne som er på gruppa. Me er delt i gruppene våre store delar av dagen. Gruppene må ved ulike høve samarbeida på tvers i team. Det gjer at barna blir kjend med personalet på tvers av si gruppe. Personalet samarbeida elles fast ved opning og stenging. Me brukar tid på at barn, foreldre og personale skal bli kjende med kvarandre.


GODT RUSTA FOR FRAMTIDA

Våre mål:

- Barna skal ha medverknad på eigen kvardag, og skal ikkje ha ansvar for meir enn dei er rusta for.
- Alle skal kjenne seg inkludert og som ein del av fellesskapet.
- Felles fokusområde for heile barnehagen.
- Leikekloke vaksne som gir tid og rom for lek.

Våre overordna verdiar:

- Respekt og omsorg for kvarandre.
- Lyst til å læra.
- Tru på seg sjølv.
- Sosial kompetanse.



FØREMÅL

Barnehagen skal gi barn i alderen 0-6 år eit godt pedagogisk tilbod som samsvarar med Barnehagelova § 1.

«Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng». (Rammeplan for barnehagen 2017 s, 7.)














Barnehagen skal byggja si verksemd på etiske grunnverdiar nedfelt i norsk lovverk.

Verksemda skal drivast i samsvar med:

- ❑ Gjeldande lover, forskrifter og kommunale vilkår for barnehageverksemd.
- ❑ Barnehagen sine egne vedtekter.
- ❑ Fastsett budsjett.
- ❑ Barnehagen sin årsplan for pedagogisk verksemd.



TILSETTE



I tillegg til fast tilsette vil det vera andre inne i periodar,- lærling, personale i arbeidstrening og studentar/ skuleelevar.
Leiar i samarbeidsutvalet er

TENESTAR

Ås barnehage er open frå kl. 06:30 – 16:30. Nyttårsafta, og onsdag før skjærtorsdag stenger me kl. 12:30. Julafta er me stengt. Barnehagen har stengt 5 dagar pr. år til planlegging for personalet.

Barna har plass til skulepliktig alder, eller til plassen vert sagt opp skriftleg. Eit barnehageår gjeld frå 15.08. – 14.08. påfølgande år. Alle barn skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret, der tre veker skal vera samanhengande. Barnehagen har sommarstengt to veker, -fortrinnsvis dei to siste vekene i juli.



KVALITETSPOLITIKK

Ås barnehage skal gjennom kvalitet vera eit naturlege val når ein har søkt barnehageplass. Hovudfokus i vårt arbeide er barna. Me legg tilrette for at kvart enkelt barn blir sett, får dekkja sine behov, og blir gitt gode utviklingsmoglegheita. Tenesta me utfører skal vera av kvalitet, slik at me opprettheld tillit hos foreldra, samarbeidspartnarar og kommunen som tilsynsmynde.

Ås barnehage sin kvalitet er eit kontinuerleg arbeid og blir evaluert årleg.

VURDERINGSOMRÅDET

Etter spørjeundersøkinga på foreldremøte i 2024 valde me to område me skal vurdere i barnehageåret 2025:

- Me skapar eit fellesskap gjennom samlingsstunder med eventyr og musikk.
- Me har fokus på fellesskapet språk og musikk gir oss.



	Tidfesting	Kven har ansvaret?
Kartlegge kva ein skal fokusere på.	Januar.	Assisterande styrar.
Igangsetting av tiltak.	Februar.	Pedagogisk leiar på gruppa.
Gjennomføring.	Dagleg.	Pedagog, fagarbeidar og pedagogisk medarbeidar i samarbeid.
Oppfølging.	Kontinuerleg.	Pedagogisk leiar på gruppa.
Ser foreldra endring? Spørjeskjema kor me samstundes undersøkjer nye vurderingsområde	Foreldremøte i september.	Assisterande styrar.
Status og evaluering etter tilbakesendingar.	På personalmøte i oktober.	Den pedagogiske leiargruppa.

REKOMP- Regional kompetanseutvikling for barnehage

Hausten 2023 starta me utviklingsarbeid i partnerskap med HVL som me skal arbeida med i to år, -parallelt skal me arbeida med kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis som er eit felles kompetanseløfte i Stord Kommune.

Fokuset me valte første året er: Språk og inkludering der me har fokus på bruk av alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK). Me har brukt det første året på å byggje opp ein «Språkbank» med verktøy som er lett tilgjengeleg, -her kan personalet hente ut språkmateriale ein kan nytte inne, ute og på tur i saman med barna.

I utviklingsarbeidet sitt andre år har me valt å ta fatt på språk og musikk. Det å samlast kring noko felles er samlande, og musikk samlar menneske på tvers av alder og språk. Me kan kommunisera saman utan ord, og me kan kommunisera utan at me snakkar same språk. På same måte som me har bygd opp ein «Språkbank», vil me byggje opp ein «Musikkbank». Ein bank med ulikt innhald der personalet har songar og eventyr med rytmeinstrument og musikkinnslag lett tilgjengeleg.



Språkbiblioteket- her hentar personalet materiale til språkgrupper, og til dagtavler.



Dagtavle for å få oversikt.



ASK-bilder til støtte i sangstund



Barna følg prikkane for å lage rytme med pinnane. 2-3-2-3-2-3

RUTINAR FOR VURDERING



Aktivitet	Tidfesting
Samarbeidsutvalet skal godkjenne fokusområdet for vurdering. Fokusområdet står i årsplanen.	Når gjennomgang av årsplan vert gjort.
Dersom det er valt fokusområde for vurdering som foreldre bør involverast i, vert dei spurt om dette. Til dømes gjennom spørjeskjema.	Januar/februar.
Tema på foreldremøte til hausten: Kva ønskjer foreldre skal vurderast i kommande år? Framlegg med forslag om fokusområde for vurdering.	Foreldremøte i september.
Innspel til foreldrerådet om saker ein ynskjer å drøfta.	Vert gjort dersom det dukkar opp aktuelle saker.
Innspel og tilbakemelding ved foreldresamtalar.	Når foreldresamtalar vert gjennomført.
Foreldremøte blir nytta for å få innspel til endringar i årsplanen.	September.

Aktivitet	Tidfesting
Val av to fokusområder som skal vurderast.	Etter foreldremøte om hausten – før utarbeiding av ny årsplan.
Avgrense dei valgte fokusområda som skal vurderast.	Personalmøte i oktober.
Status for vurdering på personalmøte.	Før påske, før sommaren og på personalmøte i oktober.
Kontinuerleg vurdering av kvardagen og pedagogisk innhald.	Pedagogisk leiar har ansvar for kontinuerleg vurdering. Nyttar innspel frå medarbeidarane på samarbeidsmøte. Møte i ped.leiargruppa tre onsdagar i månaden, og ei kollegarettleiingsøkt med pedagogiskinnhald og fellesrefleksjon.

OVERGANG I BARNEHAGEN

Oppstart i barnehagen skal vera enkel og god for barn og foreldre. Pedagogisk leiar tar kontakt når barnet har fått tildelt plass, og avtalar oppstartssamtale. I første møte får de sjå korleis me har det, og de foreldre får informasjon om korleis dagane blir lagt opp. Pedagogisk leiar lagar plan for tilvenninga i saman med de foreldre.

Dei fyrste dagane er forelder med i saman med barnet, -då skal barnet bli trygg på barnehagen, og på personalet det skal vera i saman med. Forelder tar del i kvardagsoppgåvene som måltid, stellerutine, og legging. Etterkvart som ein ser, og kjenner at barnet er trygt, trekker forelder seg gradvis vekk. Ein har ein tett dialog for korleis ein tar tilvenningsdagane vidare.

Overgang mellom gruppene skal vera trygg. Me brukar tid på førebuing ved å gå på besøk, og ved å snakka om overgangen slik at dette er noko barna kjenner til. Me prøve så langt me klarar at alle barn har med seg minst ein kjend vaksen når det skjer overgangar. I overgangen frå liten til stor avdeling brukar me våren aktivt til å bli kjend både med barn, personale, rom og med ny etasje.

Overgang frå barnehage til skule skal òg vera ei trygg og god oppleving. Barnehagen sin visjon er at barna skal vera godt rusta for framtida. Når barna sluttar i barnehagen hos oss skal dei ha med seg gode reiskap vidare inn i liva sine. Me følgjer overgangsplanen til Stord kommune, og førebur barn gjennom felles samtalar og opplevingar kring ulike tema. Me besøker leikeplassen til skulen der barnet skal gå, og barna blir invitert til skulebesøk i saman med sine føresette på våren.



OVERGANG BARNEHAGE/ SKULE

Føremålet med plan for samarbeid heim, barnehage og skule/SFO er å sikre at alle barn får ein likeverdig, trygg og meningsfull overgang frå barnehage til skule og fritidsordning.

Rammeplan for barnehagen og prinsipp for opplæring i skulen (Læringsplakaten) slår fast at barnehage og skule skal samarbeide til det beste for barnet.

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksla kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten.» (Rammeplan, 2017)

Kva: Foreldresamarbeid.

Korleis:

- Informasjon på foreldremøte i barnehagen.
- Infomøte for foreldre på skulen.
- Foreldresamtal på våren.

Kva: Samarbeid barnehage/skule.

Korleis:

- Overføringsmøte der pedagog frå barnehagen overleverer mappa til den læraren som skal ha barnet i 1.trinn.
- Fagleg drøfting/erfaringsutveksling mellom pedagogar og skulen fyrste tysdag i mai.

Kva: Besøka skulen.

Korleis:

- Barna besøker skulen saman med foreldra.

Kva: PPT og barnevern.

Korleis:

- Skulen får naudsynt informasjon om einskilde barn, dersom foreldra gjev samtykke til det.

Kva: Mappe 1 til skulen.

Korleis:

- Overlevering mellom pedagogisk leiar/ lærar.
- Skal innehalde skjemaet «informasjon om barnet til skule og skulefritidsordning».
- Ein teikning barnet har valt.
- Godkjenning med underskrift frå foreldre.
- TRAS skjema (språkkartlegging)
- Skjema for barn med minoritetsspråkleg bakgrunn.

Kva: Mappe 2.

Korleis:

- På overleveringsmøte mellom pedagogisk leiar/ lærar.
- Dette er ei mappe med konfidensiell informasjon der foreldra og barnehagen er blitt samde om at skulen treng utvida informasjon om barnet.



Matpause i Tarzan-løypa i Prestegardskogen etter besøk på Hystad skule.



Felles kunstprosjekt hos Sommarfugl 12

BARN SIN MEDVERKNAD

Med barn sin medverknad meiner me at barn skal få støtte til å uttrykka seg, dei skal bli sett og ha ein påverknad i sosial samanheng. Me må gjera det mogleg for barn å uttrykkja seg og til å samhandla i lag med andre, både verbalt og non- verbalt. På denne måten kan barn medverka i gruppa, og i barnehagen. Dei vaksne må vera støttande, og dei må sjå både enkeltbarn, og heile barnegruppa sitt behov til ei kvar tid. Medverknad handlar om at me ser barn som likeverdige, og at me ikkje gir dei meir ansvar enn dei er rusta for å ta.

(Rammeplanen, 2017)

Kva: I planarbeid.

Korleis:

- Tankekart saman med barna.
- Observasjon.
- Tilbakemelding frå barna gjennom barnesamtale/ samtalegrupper.

Kva: Gjennom føresette.

Korleis:

- Foreldremøte.
- Foreldreråd og samarbeidsutval.
- Foreldresamtale.
- Dagleg samtale.

Kva: Observasjon og refleksjon.

Korleis:

- Justere den vaksne si tilrettelegging og handling i kvardagen saman med barna

Kva: Måltid.

Korleis:

- Fleksibel frukost.
- Velje kva mat ein vil ha innanfor rammer.



Kva: Tur

Korleis:

- Turmål.
- Innhaldet på turen.

Aktivitet:	Tidfesting:
Daglege samtalar med barn.	Kontinuerleg.
Tilbakemelding av gjennomførte aktivitetar på tankekart – gjenkalling.	I etterkant av gjennomføringa.
Gjennom verktøy og observasjon av borna, særleg dei som er minst språkkunnige.	Kontinuerleg.
Barnesamtaler med dei barna som skal over i skulen.	Februar.
«Kva seier barnet» – fyller ut vurderingsskjema.	Etter kvart tema. Når ein går gjennom vurderingsskjemaet.

DOKUMENTASJON

Kva: Barna sin trivsel og utvikling.

Korleis:

- Observasjon og praksisforteljing som utgangspunkt for refleksjon på samarbeidsmøta i barnehagen.
- Månadleg kartlegging av barnehagemiljø for alle barn.
- Kartlegg personalet sine relasjonar saman med barna.

Kva: Planarbeid.

Korleis:

- Observasjonar, praksisforteljingar og samtale med barn som utgangspunkt for refleksjon og for planar.
- Tankekart.
- Vekeplan/månadsplan /progresjonsplan/prosjektplan.
- Månadleg evaluering av tema.

Kva: Pedagogisk innhald.


Korleis:

- Tankekart.
- Praksisforteljing.
- Barneteikningar.
- Observasjon.
- Kollegavegleiing.

Kva: Kvardagshendingar.

Korleis:

- Rapportar på MyKid.
- Dialogen i levering/henting.
- Barnesamtalar.
- Bilete frå aktivitetar på Instagram og Facebook.



Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplev, lærer og gjer i barnehagen, og korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen, (Rammeplanen, 2017)

OMSORG

Kva: Tryggleik og trivsel.

Korleis:

- Gi barna trygg base.
- Tryggleikssirkelen.
- Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølv å kunne ta i mot omsorg.
- Trygge og gode stellesituasjonar.
- Vaksne som er gode rollemodellar.

Kva: Vennskap og relasjonsbygging.

Korleis:

- Dele i leikegrupper.
- Tid for lek.
- Sosial kompetanse.
- Jobbe med inkludering i kvardagen for å hindre utanforskap og krenking.
- Gi rom for å vera seg sjølv, rom for ulike meiningar

Kva: Tilgjengelege vaksne.

Korleis:

- Støttande og lyttande.
- Vaksne som er tilgjengelege fysisk og mentalt.
- Støtter i å sortere og regulerer kjensler.
- Alle barn skal oppleve å bli sett, forstått og respektert.
- Vaksne som tar ansvar for relasjonsbygging.

Kva: Gi barna tru på seg sjølv.

Korleis:

- Sjå enkeltbarnet.
- Lydhøyre vaksne.
- Gi positive tilbakemeldingar når barna gjer positive handlingar.
- «Ta barna» i å gjere gode handlingar.

Kva: Rom for ro og kvile

Korleis:

- Lese bok.
- Lydbok.
- Sovetid.
- Skape gode måltid.
- Lytte til musikk.



Tur til Kattatveit- Leik og utforsking.

Trinn 1	Trinn 2
• Gode stellesituasjonar. • Skjerma barna i mindre grupper. • Kviletid ut i frå barnet sitt behov. • Trygg base, og tilgjengelege vaksne. • Anerkjenne kjenslene til barna. • Fysisk omsorg.	• Anerkjenne eigne og andre sine kjensler. • Støtte og oppmuntre barna til å vise og ta i mot omsorg. • Fysisk omsorg. • Tilgjengelege vaksne. • Leikegrupper. • Gi rom for kvile. • Vaksne som stiller krav og forventning tilpassa modning.

LEIK

Kva: Vennskap.

Korleis:

- Vaksne som er tilstades.
- Sosial kompetanse.
- Vaksne som hindrar utestenging.
- «Steg for steg».
- Samarbeid.
- Leikegrupper.
- Gi barna felles erfaringar som kan gi utgangspunkt for leik.

Kva: Gleder med leik.

Korleis:

- Sette av tid til sjølvstyrt leik.
- Vaksne som er tilstades for rettleiing og hjelp.
- La barna vera ein del av eit fellesskap.
- La barna bruke fantasien og kreativiteten i leik.
- Vaksne som ser leiken sin eigenverdi.

Kva: Uteleik.

Korleis:

- Bussturar.
- Uteleik på leikeplassen i barnehagen.
- Turar i nærområdet.
- Aktivitetar ute.

Kva: Leikerom.

Korleis:

- Legge tilrette for rom som inviterar til leik.
- Bli kjent med barna sine interesser.
- Bytte ut leiker og tilføre nye.
- Gi barna god plass ved å bruke dei andre gruppene sine rom.
- Psykisk helsefremmande leikerom.

Kva: Språk.

Korleis:

- Bruke språket aktivt.
- Gjere seg forstått.
- Omarbeida felles opplevingar.
- Konfliktløysing.

Kvifor: Leiken er ein arena for utvikling og læring. Gjennom god samhandling og leik utviklar barnet eit godt sjølvbilde og sosiale ferdigheitar. (Rammeplanen, 2017)



Trinn 1	Trinn 2
• Leikerom som er tilrettelagt for «toddlarleik». • Tid til eigenstyrt leik. • Leikematerialar som er tilpassa alder (som til dømes puter, store klossar, kassar, bøker med harde sider). • Turar i nærområdet. • Skjerma uteleikeplass for dei minste.	• Rom tilrettelagt for rolleleik. • Tid til eigenstyrt leik. • Bussturar. • Leikematerialar tilpassa alder (som til dømes bordaktivitetar, bøker, småbilar, lego, materiell til å bygge opp leiken). • Rom for kreativ tenking.

DANNING

Kva: Respekt for kvarandre.

Korleis:

- «Steg for steg».
- Vaksne som gode rollemodellar.
- Setja ord på kjensler.
- Oppfordre til å vera høfleg, helse og å takke.
- «Være sammen».

Kva: Sjølvbilde.

Korleis:

- «Ta barna» i å gjere gode ting.
- Framsnakke.
- Øve på å ta i mot positive tilbakemeldingar.
- Anerkjenne følelsar.
- Støtte identitetsutviklinga.

Kva: Fellesskap og mangfald.

Korleis:

- Sosial kompetanse for å forebygge utanforskap.
- Respekt for ulikheitar.
- Synleggjere og framheve mangfald (til dømes flagg i garderoben).
- Demokratisk fellesskap.
- Rom for kritisk tenkning.
- Felles normer og verdiar.
- Formidla tradisjonar.
- Hjelp barna til å reflektere over eigne handlingar.

Kva: Bøker.

Korleis:

- Varierte bøker.
- Samtaler rundt bøker.
- Stille opne spørsmål.
- Utfordre tenkinga til barnet.



Bjørnen sover



Ei hjelpande hand

Trinn 1	Trinn 2
• Barn sin medverknad. • Sette ord på følelsar og bekrefte følelsar. • Bli kjent i små grupper og erfare å vera ein del av eit fellesskap. • Legge vekt på det positive. • Meg i fellesskapet. • Bli kjent med eigne grenser.	• Barn sin medverknad. • Bevisst eigne grenser og markere seg. • Vera ein del av eit fellesskap. • Legge vekt på det positive. • Invitere barna inn i utforskande samtaler. • Bevisstgjerjing av mangfaldet. • Meg i det store fellesskapet.

Kvifor: Barnehagen skal bidra til at barna får delta i eit demokratisk fellesskap. Ein skal ha fokus på samhaldet, samtidig som ein ser det enkelte barnet. (Rammeplanen, 2017)

LÆRING

Kva: Stimulerande miljø.

Korleis:

- Rom som er tilrettelagt for utforsking.
- Vaksne som støtter opp om barns utforskartrong og undring.
- Legge til rette for rike og varierte opplevingar og erfaringar.

Kva: Barn sin medverknad.

Korleis:

- Vaksne som anerkjenner og støtter opp om barn sin nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst.
- Lytte, sjå og prøv å forstå.

Kva: Utfordringar og meistringsopplevingar.

Korleis:

- Gi barna utfordringar tilpassa alder og modning.
- Varierte utfordringar.
- Lære gjennom kroppen.

Kva: Fellesskap

Korleis:

- La barna få bidra i eigen og andre barn si læring.
- Jobbe for trivsel og tryggleik, eit inkluderande miljø.

Kvifor: «Barnehaugen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i eiga og andre si læring». (Rammeplanen s. 22.)

Trinn 1

- Alderstilpassa rom.
- Rom for «toddlerleik».
- Varierte utfordringar ut frå modning.
- Aktiv bruk av sansane (lukt, smak, taktil, høyrsele og syn).
- Tryggleik og fellesskap.

Trinn 2

- Alderstilpassa rom.
- Vaksne som støtter opp om utforskartrongen.
- Tid og rom for refleksjon.
- Tankekart.
- Varierte og innhaldsrike samlingsstunder.



Besøk og utforsking på HVL

KALENDER

MÅNAD:	FAGOMRÅDET:	KVA SOM SKJER:
JANUAR	Mengd, rom og form	31. januar- Planleggingsdag barnehagen stengt.
FEBRUAR	Kommunikasjon, språk og tekst	6. februar- Samefolkets dag. 12. februar Karneval for barna.
MARS	Natur, miljø og teknologi	2. Mars-Fastelavnssøndag. 12. Mars- Barnehagedagen, Tema «La leiken leva»
APRIL	Natur, miljø og teknologi	9. April Påskelunsj for barna. 16. April- Onsdagen før påske- barnehagen stenger 12.30 17. April -Skjærtorsdag- barnehagen stengt 18. April -Langfredag- barnehagen stengt 21. april- 2. påskedag- barnehagen stengt
MAI	Kropp, rørsle, mat og helse	1. mai- Offentleg høgtidsdag- barnehagen stengt. 29. mai Kristi Himmelfarts-barnehagen stengt. 30. mai Planleggingsdag barnehagen stengt.
JUNI	Nærmiljø og samfunn	9. Juni- 2.pinsedag- barnehagen stengt 12. juni- Sommarfest i barnehagen
JULI	Sommarbarnehage- Eige tema	Veke 29 og 30- Barnehagen sommarstengt.
AUGUST	Etikk, religion og filosofi	14. august- Planleggingsdag- barnehagen stengt 15. august- Oppstart nytt barnehageår.
SEPTEMBER	Kunst, kultur og kreativitet	Veke 38- Brannvernveka. 23. september- Foreldremøte.
OKTOBER	Kunst, kultur og kreativitet	23. Oktober –Forut fest i barnehagen. Invitera sommarfuglane som har starta på skulen attende til ei gjensynssamling i barnehagen.
NOVEMBER	Mengd, rom og form	? . og ? november- Planleggingsdagar.
DESEMBER	Etikk, religion og filosofi	3. desember- Nissefest for barna. 13. desember- Luciadag 4. åringane går i toget. 17. desember -Julebord for barna.

VENNSKAP OG FELLESSKAP

Kva: Sosial kompetanse.

Korleis:

- Bøker.
- Leikegrupper.
- Eigenstyrt lek.
- Inkluderande fellesskap.

Kva: Konfliktløyising.

Korleis:

- Steg for steg.
- Vaksne som støttar og rettleiar.
- «Være sammen».
- Lære strategiar for å løyse konflikatar.

Kva: Førebyggje mobbing.

Korleis:

- Nære vaksne.
- Bøker.
- «Være sammen».
- Leikegrupper.
- Inkluderande fellesskap.

Kva: Følelsar

Korleis:

- Bli kjent med egne og andre sine følselsar.
- Lære å setje grenser for seg sjølv.
- Lære å respektere andre sine grenser.
- Empati.



Tur i skogen



Utforsking



Fellesskap



Leikegrupper

EIN INKLUDERANDE BARNEHAGE

Barnehagen skal arbeida førebyggjande og kontinuerleg for å fremja helse, trivselen, leiken og læringa til barna. Samstundes skal barnehagen forhindra og gripe inn mot krenkingar.

Barnehagen har ei aktivitetsplikt som skal sikre at ein handlar raskt og rett når eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Alle som arbeida i barnehagen skal melda frå til barnehagen sin styrar dersom dei får mistanke om, eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. (§ 41, § 42 og § 43, barnehagelova) Saka skal då undersøkjast, og det skal setjast inn tiltak og utformast ein aktivitetsplan.

I Ås Barnehage står leik i ei sentral rolle. Om eit barn ikkje har nokon å leike med kan barnet føle seg utanfor. Me ønskjer at alle barn skal bli møtt med tillit og få ei kjensel av tilhørslse og fellesskap. Dette handlar om å få vera eit verdifullt menneske saman med andre, og få lov til ta del i fellesskapet saman med andre. Me har mål om å hindra utanforskap, og bidra til læring, utvikling og livsmeistring.

Våre kjernekomponentar er:

Dei vaksne skal:

- Vera fysisk og psykisk til stades.
- Ta ulike roller i leiken saman med barna.
- Observera og gripa inn om ein ser at leiken ikkje er god for alle.
- Dele seg opp i uteleiken.
- Halde orden for å gjera arenaer meir attraktiv og spennande, både ute og inne.



MAT I BARNEHAGEN

I Ås barnehage har me eigen kokk som førebur god og næringsrik mat til oss i kvardagen. Kokken er ikkje ein del av grunnbemanninga, men kjem utanom både pedagognorm og bemanningsnorm. Arbeidet på kjøkkenet tar mykje tid, og dette er tid me ønskjer personalet skal bruke saman med barna.

Barnehagen har eige drivhus, *veksthuset* og ein eigen grønsakhage. Det er planta både bær og frukttrær på utsida, og inne har me gode høve til å plante grønsaker som me kan smake på utover hausten. Gruppene er med å plantar ulike sortar, -og det er spanande å følgje prosessen på kva som skjer. Først frå frø vidare om til plante, og så vidare om til grønsaker me kan eta.

«Gjennom arbeid med kropp, rørsle mat og helse skal barnehagen bidra til at barna får innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid». (Rammeplanen for barnehagen s, 50.)

Barna får fire varmemåltider i veka, og middag har me om onsdagen. Varmmåltida våre er suppe, graut, og den svært så populære retten vår *osteskjeva*.

Middagsmenyen vår er rullerande og strekkjer seg over 2 månadar.

Bursdagar markera me på gruppa til barnet med flagg, song og smoothie



MENGD, ROM OG FORM

Kva: Form og konstruksjon.

Korleis:

- Lage byggverk/modellar i ulikt materiale.
- Synlege tal og former.
- Delta i peparkakebyen.
- Puttekasse og ringpyramide.
- Formingsaktivitetar med geometri.

Kva: Rom, og rommet sin forståing.

Korleis:

- Meg, og kroppen.
- Toddleren.
- Orientera seg i rommet.
- Filosofering, og resonnering, - må me ha eit svar.
- Vurdere avstand i risikoleik ved klatring på klatrestativ, leik i skog, og toddlarleik.

Kva: Gjera erfaring med måling, veking, berekna.

Korleis:

- Bake/lage mat.
- Følgje oppskrifter.
- Bruke eigna målereiskapar.
- Meg og fellesskapet.

Kva: Sortera, rydda, klassifisera.

Korleis:


- Rydda leiker.
- I daglege rutinar.
- I naturen/på tur.
- Spel

Kva: Spel.

Korleis:

- Puslespel.
- Spel med form og mønster.
- Terning/telja.

Kvifor: «Barnehagen skal synleggjere samanheng og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølv å vere kreative og skapande.» (Rammeplanen, 2017 s. 53.)



KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Kva: Språkstimulering.

Korleis:

- Bruka omgrep aktivt i kvardagsspråket.
- Lesa saman med barna.
- Bokbiblioteket i barnehagen.
- Tur til biblioteket, les bøker.
- Steg for steg.
- Snakkepakken.
- Eventyrboksar.
- Bade barna i ord.
- Fokus på at me bruker språket i konfliktløsning.
- Lytte til kvarandre i samtalen, vente på tur til å snakke.
- Setja ord på kjensler.
- ASK- som støtte i språk.

Kva: Lytte.

Korleis:

- Samling.
- Språksprell.
- Høgtlesing.
- Munnleg forteljartradisjon.
- Nytte lytteleikar og spel.
- Kvardagssituasjonar.
- Rim, regler, song.
- Lydbok

Kvifor: Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. (Rammeplanen, s. 48)

Kva: Leik.

Korleis:

- Legge til rette for ulike leikemiljø, leikemiljø som endrar seg etter barna sine interesser.
- Vaksne som er deltakande og støttande.
- Til stades i uteleik og på tur.
- Tilrettelagt småbarnsgruppe.
- Tid til undring, utforsking og samtale.
- Små leikegrupper.

Kva: IKT.

Korleis:

- Utforske skriftspråk.
- Ser på bilete på mykid.
- Innhente informasjon til prosjekt, og ting me undrar oss over.
- Musikk.

Kva: Samtale.

Korleis:

- Dagleg samhandling med barn.
- Gi barn tid og moglegheit for kommunikasjon barn-barn og barn-vaksen.
- Anerkjenne nonverbal kommunikasjon.
- Oppfølgingsspørsmål, vera tilstades i samtalen for å halde samtalen igang.
- Engasjerte vaksne.

Kva: Språktrening.

Korleis:

- Tilpassa språktrening for barn med sein språkutvikling og fleirspråklege. ASK til støtte.
- Leikegrupper.
- Bevisst omgrepstrening.
- Bruk av peikebøker med dei minste.
- Nytte konkretar til støtte saman med ord og omgrep.
- Snakke om det kring oss. Bruke språket aktivt.



Ei bok er fint å lese i eige selskap, eller i saman med andre.

Kva trur dåke skjer vidare?



ALTERNATIV OG SUPPLERANDE KOMMUNIKASJON- ASK



I rammeplanen for barnehagen 2017 står det:

«Gjennom arbeid med fagområdet kommunikasjon, språk, og tekst skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer, dialekter gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språk, symbol og tekst, og stimulerer til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling»

I barnehagen har me fokus på kvardagsspråket. Vårt mål er å gi alle våre barn ei god start i si språkutvikling. Me brukar ulike ord kring omgrep, og me knyte konkretar saman med orda for å forsterkar tydinga. Her -og no situasjonane, og kvardagsspråket er ein viktig læringsarena for oss. Me har fokus på samtalen rundt bordet, me les bøker saman, og me undrar på små og store filosofiske spørsmål saman. Me har språkgrupper der me delar oss i mindre grupper med ulike aktivitetar, og me prøver å leggja til rette for at alle skal ha dagar som er oversiktlege.

Barnehagen har som oppgåva, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik, samt fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Tidleg innsats må forståast både som innsats på eit tidleg tidspunkt i eit barn sitt liv, og tidleg grep når problem oppstår, eller blir avdekket. (Rammeplanen, 2017)

Tidleg innsats ovanfor barn med behov for supplerande kommunikasjon (ASK) er viktig då me lære kommunikasjon og språk best når me er små. I eit førebyggjande perspektiv kan me minska uheldige samspel -og åtferdsmønster knytt til vanskar med å forstå og til uttrykkja seg om me får tileigna oss gode strategiar for å meistra språk. Alle barn treng språk for å utvikla seg. Barn som mottar tidleg innsats i arbeid med supplerande kommunikasjon (ASK) har større moglegheit for å kunna bruka språket som reiskap for kommunikasjon i sin trivsel, lærings- og utviklingsprosess. (www.udir.no)

For at prinsippet om tidleg innsats skal ha ein positiv verknad må det fyllast med innhald. Det er tre sentrale spørsmål som kan vera utgangspunkt for arbeidet med supplerande kommunikasjon (ASK):

- Kven skal ha hjelp?
- Kva er «utfordringa», og korleis skal me iverksette tidlege tiltak?
- Kven kan hjelpe i arbeidet med supplerande kommunikasjon (ASK)?

I barnehagen nyttar me supplerande kommunikasjon (ASK) for å inkludera alle i fellesskapet.

For å ha ein inkluderande praksis nyttar me ASK- materiell i overgangssituasjonar for å gi barna god oversikt i sin kvardag. Personalet har ASK- biletkort for å kunne kommunisera. Me nyttar dagstavle på avdelinga, og i garderoben for å gi barna oversikt, og for å gi dei moglegheit til å sjølve kunne halde seg orientert ved hjelp av det visuelle.

Me brukar ASK- bileta aktivt som eit supplement i saman med talen vår.

NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI

Kva: Teknologi.

Korleis:

- Vera nysgjerrig på naturvitskaplege fenomen.
- Laga konstruksjon med ulikt material.
- Eksperimentera og utforske korleis ting er sett saman.
- Utforska kva ny teknologi kan lære oss. (via telefon, internett)
- Nytte telefon, storskjerm, internett til å finne informasjon om planter og dyr.
- Barna er med å tar bilete.
- Besøker museet, blir kjend med ulike verktøy.

Kva: Mangfaldet i naturen.

Korleis:

- Finne råvarer i naturen til mat og estetiske uttrykk.
- Studere særtrekk ved årstidene.
- Utforske kreftene i naturen; vind, vatn, sol, frost.
- Undrande refleksjon kring våre ulike naturfenomen.

Kva: Dyr.

Korleis:

- Gardsbesøk.
- Fisketur– fisk som råvare.
- Studera småkryp.
- Utforske dyrelivet rundt barnehagen.
- Dyrevelferd, ta vare på dyr og natur. Respekt for det levande.

Kva: Miljøvern.

Korleis:

- Samtale.
- Ta vare på inventar og utstyr i barnehagen.
- Plukke boss/rydde etter oss i naturen.
- Bossortering/besøka SIM.
- Råtningsprosess.
- Gjenbruk.
- Vera miljøagentar.

Kva: Fysikkleik/forsøk.

Korleis:

- I samling.
- Ute i naturen.
- Spontant i frileik.

Kva: Hygiene.

Korleis:

- I samling.
- Handvask før måltid.
- I kvardagssituasjonar

Barnehagen har i saman med Opero fokus på FN sine berekraftsmål; nr. 7; «Rein energi for alle», nr. 12; «Ansvarleg forbruk og produksjon», og nr. 4 «God utdanning»

- Redusera energiforbruk.
- Redusera matsvinn.
- Redusera avfallsmengde, materialgjenvinning og ombruk.
- Vera ei lærande bedrift.



KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE

Kva: Positive erfaringar med friluftsliv/uteleik.

Korleis:

- Matlaging på tur.
- Gode klatremoglegheiter.
- Tur.
- Leirplass i skogen.
- Lære tradisjonelle uteleikar.
- Nyttå T-løyper på fjellturar, og andre lokale turløyper på tur dagar.
- Leik og ulike aktivitetar på fotballbanen og i ballbingen.

Kva: Menneskekroppen.

Korleis:

- Kunnskap om kroppen.
- Verta trygg i eigen kropp.
- Skape positivt sjølvbilet.
- Kunnskap om grenser for eigen kropp.

Kva: Grovmotorisk aktivitet inne.

Korleis:

- Rørsleleik/ aktivitet.
- Dans.
- Hinderløype.
- Song med rørsle.



Me lagar lunsjen sjølv, så samla me oss til eit hyggelig måltid.

Kvifor: For å utvikla grunnleggjande motoriske ferdigheitar, kroppsmeistring, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis ein kan ivareta helse og livskvalitet.



Kva: Kroppsmeistring.

Korleis:

- Sjølvstendigheitsstrening.
- Varierte fysiske utfordringar.
- Dramaaktivitetar.
- Forming.
- Klatrestativ i barnehagen.

Kva: Finmotorisk aktivitet.

Korleis:

- Spel.
- Formingsaktivitetar.
- Øve på påkledding.
- Smørjelunsj.
- Klippa med saks.
- Øva på blyantgrep.
- Perler.
- Puslespel.

Kva: Mat.

Korleis:

- Næringsrik kvardagskost servert ved måltida.
- Fukt og grønnsaker kvar dag.
- Bevisstgjerung ved samtale.
- Innsikt i «frå jord til bord».
- Smoothie til bursdagen.

NÆRMILJØ OG SAMFUNN



Kvifor: «Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.» (Rammeplanen, 2017 s, 55.)

Kva: Like moglegheiter.

Korleis:

- Fokus på like moglegheiter for gutar og jenter.
- Tilrettelegging av leikerom med utfordringar.
- Bevisste vaksne.

Kva: Leirvik sentrum og næringslivet.

Korleis:

- Bruke lokalavisa som kjelde til informasjon om kva som skjer.
- Lucia feiring i sentrum.
- Følgje byggeprosessar.
- Besøkja gruveområdet på Litlabø.
- Bli kjent med kunst, kultur og tradisjonar i sentrum.

Kva: Kjennskap til ulike kulturar.

Korleis:

- Aksjonsdag etter FORUT-prosjekt.
- Snakke om høgtider og merkedagar.
- Markere samefolket sin dag.
- Lyfte fram dei ulike nasjonalitetane gjennom song, kunst og kulturuttrykk.
- Bruke ressurspersonar i nærmiljøet og i personalet.

Kva: Samarbeid med andre instansar.

Korleis:

- Høgskulen på vestlandet.
- Barneskulane.
- Ungdom- og vidaregåande-skule.
- Biblioteket.
- Sunnhordland museum.
- Brannstasjonen
- Sim

SOMMARBARNEHAGE

I veke 27 til veke 32 har me sommarbarnehage,- då avviklar barn og personale ferie. Me har då ulike tema slik at barna skal få dagar fylt med lek og pedagogisk innhald.

Tema i sommarvekene varierar. Dei siste åra har me hatt ei rulling på tradisjonslek, sjørørvarleik, forskarveke, og vatnlek.

Barnehagen er feriestengt i veke 29- og 30.



ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Kva: Bli kjent med høgtider i andre religionar og kulturar representert på gruppa.

Korleis:

- Samtale.
- Lese historia.
- Lære songar.
- Flagg.

Kva: Filosofi.

Korleis:

- Undring og utforsking i saman rundt ulike problemstillingar og opplevingar.
- Samtalar.
- Forteljingar.

Kva: Respekt for ulikhetar.

Korleis:

- Samtale.
- Drama.
- Vaksne rollemodellar.
- Stille opne spørsmål.



Kva: Øve på sosial samhandling i eit fellesskap.

Korleis:

- I leik.
- I kvardagssituasjonar, samling og tilrettelagde aktivitetar.
- Vaksne som førebilete.
- Metodisk opplegg.
- Fokus på inkludering og fellesskap.
- Nytte supplerande kommunikasjon (ASK) for å inkludera alle barn.

Kva: Bli kjent med høgtider i vår tradisjon.

Korleis:

- Kyrkjevandring.
- Juleevangeliet.
- Lucia.
- Påskebodskapen.
- Song og musikk.
- Tradisjonar kring høgtidene før og no.

Kvifor: «Etikk, religion og filosofi er med på å forma korleis me oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.» (Rammeplan, 2017 s, 54.)

KUNST, KULTUR OG KREATIVITET



Kvifor: «Barnehagen skal la barn møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. (Rammeplanen, 2017 s. 50-51.)

Kva: Uttrykkja seg estetisk.

Korleis:

- I samling, tilrettelagde aktivitetar og lek.
- Tilgang til rom, materiale og utstyr.
- Fantasi, kreativ tenking og skaparglede.
- Bruka ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi.
- Gjennom musikk, dans og drama.

Kva: Kulturtradisjonar.

Korleis:

- Bli kjend med forteljar-, song- og musikktradisjon.
- Møte uttryksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design

Kva: Tilrettelegging av fysisk miljø.

Korleis:

- Leikerom som stimulerer til kreativ aktivitet.
- Tilgang til ulike materiale og uttryksformer.

Kva: Gje barna erfaringar med ulike kunstuttrykk.

Korleis:

- Bevisstgjera dei på kunst i nærmiljø.
- Gå på teater, utstillingar, konsertar når det er tilgjengeleg.
- Besøkja skulpturar i nærmiljøet.

Kva: Kulturidentitet.

Korleis:

- "Familien min" bilete heime frå for dei yngste.
- Samarbeid med Sunnhordland museum.
- Bli kjent med kulturuttrykk frå ulike land og kulturar.

FORUT- BARNEAKSJON

Gjennom Forut-barneaksjon blir me i barnehagen kjent med barn frå ein annan kultur. Me får sjå korleis dei bur, kva dei et, og korleis dei har det i sitt land.

Forut har eit pedagogisk materiale med film og musikk som me brukar. Fokuset er på deira kvardag, og me ser på ulikskapar frå korleis me lev i Noreg. Me har arbeida med Forut som tema sidan 2011.

Alle gruppene arbeidar prosjektbasert med Forut over ei tid. Me avsluttar prosjektet perioden med å invitera til ein fest. Me lagar utstilling av arbeidet vårt, og har loddsal til inntekt for barneaksjonen. Då blir det hyggelege samtalar, saft og kaker saman med foreldre og besteforeldre. Dette er blitt til ei god stund for små og store.

Forut-dagen blir 23. oktober 2025.

Les gjerne meir på forut.no



